



STORTINGET

Innst. 219 S

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget
frå energi- og miljøkomiteen

Dokument 8:55 S (2019–2020)

Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Sandra Borch, Siv Mossleth, Heidi Greni, Kari Anne Bøkestad Andreassen og Geir Adelsten Iversen om endring av forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet vert følgjande forslag fremja:

«Stortinget ber regjeringen endre forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag slik:

§ 5 c skal lyde:

eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte når hytta ikke ligger tilknyttet brøytet bilveg.»

Ein syner til forslaget for ei nærare grunngjeving for forslaget.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åsmund Aukrust, Espen Barth Eide, Ruth Grung, Else-May Norderhus og Runar Sjøstad, frå Høgre, Liv Kari Eskeland, Stefan Heggelund, Aase Simonsen og Lene Westgaard-Halle, frå Framstegspartiet, Jon Georg Dale og Terje Halleland, frå Senter-

partiet, Sandra Borch og Ole André Myhrvold, frå Sosialistisk Venstreparti, Lars Haltbrekken, frå Venstre, leiaren Ketil Kjenseth, frå Kristeleg Folkeparti, Tore Storehaug, og frå Miljøpartiet Dei Grøne, Une Bastholm, syner til Representantforslag 55 S (2019–2020) om endring av forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet, syner til at framlegget legg til grunn at kommunane skal kunne gje løyve til bruk av snøscooter for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte utan at det ligg føre eit krav til minste avstand mellom bilveg og hytte. Det vert her peika på § 5 første ledd bokstav c om at det må vere minst 2,5 km mellom brøyta bilveg og hytte for at kommunen skal kunne gi løyve til å bruke snøscooter for å transportere bagasje og utstyr til hytta. Forslaget inneber òg å fjerne kravet om at kommunen berre kan gi løyve når det ikkje er mogleg med leigekøyring.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne synervidare til at den same paragrafen vart handsama i Dokument 8:119 S (2018–2019) for under eitt år sidan. Her vart det påpeika at skjønn vert ulikt vurdert hjå fylkesmenn og kommunar, og tydelegare retningslinjer vart etterspurde. Desse medlemene synervidare til at ein mindretalsmerknad frå komiteen i Innst. 355 S (2018–2019) peika på følgjande:

«Desse medlemene ser likevel at forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, § 5 første ledd bokstav c, kan presiserast. For å tydeleggjere at

kommunane kan leggja kortast faktiske mogleg avstand til grunn ved vurdering av avstandskravet, ber desse medlemene regjeringa endra forskrifta slik at det kjem klart fram at kommunane kan leggja den kortaste reelle avstanden mellom hytte og brøyta veg til grunn ved vurdering av søknader etter denne bestemmelsen.»

Desse medlemene syner til at forskrifta var på høyring med høyringsfrist 4. mars 2020.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti registrerer med undring at det kjem eit representantframlegg som omhandlar den same paragrafen som representantar frå det same partiet tok opp for eit år sidan. Det førre framlegget resulterte i at ein såg at det kunne vera aktuelt å gjera presiseringar i forskrifta sin § 5 første ledd bokstav c, og denne er bearbeidd av departementet og sendt på høyring.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne meiner at det å gjere eit nytt framlegg før det førre framlegget er handsama i departementet vert, hjå dei som har lagt ned tid og arbeid i å gje høyringssvar, vurdert som at ein ikkje har respekt for høyringsinstituttet.

Vidare vil desse medlemene peike på at det pågår ei evaluering av effekten av dei nye reglane for scooterløyver for fornøynesskjøring i regi av Miljødirektoratet, som vart sett i gong i 2016. Framlegg til vedtak inneber ei så drastisk endring i lova at også denne evalueringa, etter desse medlemene si oppfatning, må vere på plass før ein vurderer nye forskriftsendringar. Dette har også Stortinget sin energi- og miljøkomité vist til i si Innst. 253 L (2014–2015), jfr. Prop. 35 L (2014–2015).

Desse medlemene peikar på at det er ei radikal omlegging av regelverket som det vert lagt opp til her, utan at det vert lagt opp til prosessar med inkludering og høyringar som normalt skjer i slike saker. Desse medlemene ønskjer difor å avvente pågåande prosessar med høyring av forskrift og evaluering i regi av Miljødirektoratet før ein tek stilling til saka. Desse medlemene meiner at å leggje opp til ei handsaming som vil føre til høgt konfliktnivå mellom interessepartar som vil verte omfatta av framlegget, ikkje vil tene saka. Desse medlemene peikar på at det er ulike meiningar om auka motorisert ferdsel i norsk natur. Det er difor viktig at endringar i regelverk vert gjennomførte gjennom legitime og gode prosessar.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til at Klima- og miljødepartementet har hatt forslag til endringer i motorferdselloven og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag på høring. Et av forslagene fra regjeringen går ut på en presisering i

ordlyden i forskriften § 5c som synliggjør at kommunene ikke er bundet til å måle avstanden mellom bilvei og hytte i luftlinje hvis topografi og faktiske forhold tilsier at korteste faktisk mulige trasé er lengre enn 2,5 km.

Høringsfristen for endringer i motorferdselloven og forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag gikk ut 4. mars 2020. Disse medlemmer merker seg at de aller fleste høringssvarene tar for seg nettopp å fjerne 2,5 km-regelen for kjøring med snøscooter fra brøytet bilvei til egen hytte.

Disse medlemmer har tiltro til at dette er en oppgave kommunene er best egnet til selv å løse, uten byråkratiske regler fastsatt i forskrift. Disse medlemmer har merket seg et stort engasjement fra mange lokalsamfunn i saken. Flere og flere familier får nå avslag på sine søknader om å kjøre med snøscooter til hytta si.

Disse medlemmer viser til at det er flere tusen scooterløyver som skal fornyes dette året, og at innskjerpingen som ble innført i 2016, får dramatiske konsekvenser for flere familier. For disse familiene betyr det at hytta ikke kan tas i bruk på vinterstid.

Disse medlemmer har fremmet dette forslaget for både ett og to år siden, men uten at regjeringen har vist vilje til å gjøre noe som helst for å verken presisere regelverket eller gjøre det lettere og mindre byråkratisk.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Senterpartiet, viser til at kommunene i dag kan gi tillatelse til bruk av snøscooter for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ligger minst 2,5 km fra brøytet bilveg. Dette er hjemlet i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagt vassdrag § 5c.

Flertallet viser til at flere kommuner har brukt selvstendig skjønn, basert på lokale forhold, i vurderingen av 2,5 km-grensen og dermed ikke oppfattet den som et absolutt krav. Flertallet er kjent med at fylkesmannen nå har pålagt kommunen en innskjerping av håndhevingen av denne bestemmelsen.

Flertallet er bekymret for flere forhold dersom kommunenes mulighet til skjønnsutøvelse på dette området strammes inn eller fjernes.

Flertallet viser til at en slik innstramming vil bety at hytteeiere som i årevis har hatt dispensasjon til å frakte nødvendig utstyr og bagasje til hytta, og innrettet seg etter dette, vil miste denne muligheten. Videre vil flertallet understreke at Norge mange steder består av bratt og kupert terreng hvor faktisk kjøreavstand langt vil overstige avstand i luftlinje. Flertallet er kjent med at det i flere fylker i år er slik at stadig flere hytteeiere har fått avslag på sine søknader om tillatelse til scooterkjøring til og fra hytter, med den begrunnelse at avstanden ikke er stor nok målt i luftlinje. Flertallet

let viser til at dette er en lite praktisk, og unødvendig byråkratisk, håndheving av bestemmelsen i forskriften § 5c. Flertallet er kjent med at mange kommuner mener denne formen for innstramminger innebærer en mistillit til deres vurderinger.

Flertallet mener på denne bakgrunn at forskriften § 5c vedrørende tillatelse til frakt av nødvendig utstyr og bagasje til egen hytte er utdatert med hensyn til dagens samfunnskrav og bruksmønstre.

Flertallet viser til at det i dag er en stille praksis som tillater skjønn og muliggjør lempelige løsninger når det gjelder dette kravet, noe som blir krevende når fylkesmannen har innført innskjerpinger. Flertallet ser at denne innskjerpingen fører til at folk avskjæres fra å benytte hyttene sine. Flertallet mener videre at dette innebærer at regelen vil virke mot sin hensikt, som var å stimulere til forbedret folkehelse og økt friluftsglede.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser også til at Klima- og miljødepartementet har gjennomført høring av forslag til en rekke endringer i lov 10. juni 1977 nr. 100 om motorferdsel i utmark og vassdrag og i forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag. Disse medlemmer merker seg at et stort flertall av kommuner, organisasjoner og privatpersoner i sine høringssvar tar til orde for å fjerne kravet om 2,5 km.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Senterpartiet, mener at en ved å fjerne kravet om 2,5 km vil sikre bedre etterlevelse av regelverket og redusert saksbehandling. Flertallet mener videre at dette kan føre til færre tvistesaker på alle nivå, og at man styrker det kommunale ansvaret og råderetten i eget lokalmiljø.

På denne bakgrunn fremmer flertallet følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen endre forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag slik:

§ 5c skal lyde:

eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte når hytta ikke ligger tilknyttet brøytet bilveg.»

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne vi-

ser til flere friluftsansjoner som uttaler i et skriftlig innspill til komiteen datert 28. februar 2020:

«Organisasjonene vil på det sterkeste oppfordre partiene til ikke å støtte en ytterligere nasjonal liberalisering som vil medføre mer motorisert ferdsel i utmark, også med tanke på alle endringene som er gjort de siste årene. Samlet utgjør disse en stor endring for friluftslivet, naturen og de som lever der.»

De peker også på utfordringene de får ved at det nettopp er sendt på høring et forslag fra regjeringen om samme tematikk, som følger opp forslag fra Stortinget for under ett år siden.

Disse medlemmer er enig i at dette er tungtveiende grunner til ikke å vedta forslaget, både av hensyn til friluftsliv, av hensyn til å unngå mer motorisert ferdsel i utmark og av hensyn til biologisk mangfold. Det er klart at det å lempe på reglene for kjøring til fritidsbolig vil føre til mer kjøring. Disse medlemmer viser til at det i befolkningen er et sterkt ønske om å unngå denne typen kjøring.

Disse medlemmer vil også vise til FNs naturpannels rapport av 6. mai 2019 om faren for naturmangfoldet. Å tillate mer kjøring vil øke den samlede belastningen på naturmangfoldet, og spesielt i sårbare etableringsperioder som på sen vinteren/våren, hvor hytter ofte brukes. Disse medlemmer mener at fordelene ikke oppveier de store ulempene ved forslaget, spesielt samtidig som det pågår en prosess i regjeringen om dette. Disse medlemmer vil derfor stemme imot representantforslaget.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av medlemmene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Framstegspartiet og Senterpartiet.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

Stortinget ber regjeringen endre forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag slik:

§ 5c skal lyde:

eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte når hytta ikke ligger tilknyttet brøytet bilveg.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 31. mars 2020

Ketil Kjenseth

leiar

Liv Kari Eskeland

ordførar

